

## **Oppsummering – Forhandlingsnemndene for Ørsta og Volda om kommunereform**

Tirsdag 15. mars 2016, kl. 09.00-11.15, Furene

Til stades frå forhandlingsnemndene: Jørgen Amdam, Fride Sortehaug, Dan Bjørneset frå Volda kommune. Stein Aam, Karen Høydal, Per-Are Sørheim og Wenche Solheim frå Ørsta kommune.

I tillegg møtte Asbjørn Moltudal, Volda kommune, Gro Anita Bårdseth, Ørsta kommune, Per Ivar Lied frå Sunnmøre regionråd, Torill Myren, Ekkoloddet as, Lisa Follestad frå Ørsta ungdomsråd og koordinator for ungdomsrådet i Ørsta Rebecca Riise Bjerknes.

Per Ivar Lied leia møtet.

Sakene som var oppe i møtet:

### Intensjonsavtale - Signering

Gjennomgang av intensjonsavtalen i plenum. Ingen merknader til avtalen. Til økonominotat som er vedlegg til avtalen, er det behov for ei presisering ang. idrettshall i Volda, under pkt. om felles region tiltak. Elles ingen merknader til økonominotat. Asbjørn korrigerer økonominotat på dette punkt.

Ordførarane Jørgen Amdam og Stein Aam signerte avtalen.

### Brosyre

Utkast til brosyre var sendt ut medlemmane i utvala på førehand. Torill Myren gjekk gjennom brosjyren og korleis den er lagt opp, og opna deretter for innspel. Det vart peika på fleire muligheter for å justere tekst og illustrasjonar. Torill justerer brosyre i hht innspela. Revidert brosyre vert lagt fram i felles kommunestyremøte 31. mars.

### Informasjonsplan

Orientering ved Gro. Det er behov for å prioritere informasjonstiltak og tidfeste desse fram til folkerøystinga 19. mai. Viktig å legge opp til eit opplegg som held interessa kring intensjonsavtalen og folkerøystinga 'varm'. I diskusjonen vart det m.a. peika på at ein så langt råd bør bruke eksisterande informasjon, m.a. frå Fylkesmannen, og supplere med informasjon som gjeld Volda-Ørsta. Også viktig å legge til rette med informasjon til ungdom. Asbjørn og Gro, i samarbeid med Torill samordnar aktivitetar. Her kan også Sunnmøre regionråd delta.

### Informasjon frå Ungdomsråda

Orientering ved leiar i Ørsta ungdomsråd Lisa Follestad, og Fride Sortehaug for Volda ungdomsråd. Ungdomsråda har fått midlar frå Fylkesmannen til informasjonsarbeid knytt til kommunereforma. I Ørsta er det lagt opp til skulequiz og instagramkonkurranse, både med premiar. I Volda har dei tilsvarande opplegg, med klassekonkurranse og premiar. Volda skal i tillegg arrangere elevmøte 11. mai, der begge ordførarane og varaordførarane stiller.

### Folkerøysting

Orientering ved Asbjørn. Folkerøystinga er tidfest til 19. mai. Kulturhuset i Ørsta som ein brukar til røystelokale er opptatt denne dagen, men ein arbeider med å finne alternativ. Valnemndene har framlegg til røystesetel, der ein kryssar av for Ja eller Nei til samanslåing med Volda/Ørsta. Forhandlingsutvala samde om slik utforming av røystesetel.

#### Felles kommunestyremøte 31. mars

Møtet vert på Ørsta kulturhus, kl. 12.30-15.00. Førebelse postar på programmet er presentasjon av intensjonsavtalen, innlegg ved forskar Geir Vinsand frå Nivi analyse as. Deretter open debatt.

Vinsand kjem med morgenfly, og ein undersøker muligheita for at han kan halde innlegg om kommunereform ved ein av dei vidaregåande skulane på føremiddag.

#### Nytt frå sist

Volda orienterte om sonderingssamtalar med Hornindal og Stryn, der ordførar i Ørsta har vore til stades som observatør på eit av møta. Ørsta formannskap skal 15. mars handsame sak om utviding av forhandlingsnemnda sitt mandat om å delta i desse samtalane. Frå Ørsta si side vart det understreka at ein vil halde seg til intensjonsavtalen som no er signert, og at ein fryktar samtalar med Hornindal og Stryn kan svekke intensjonsavtalen.

Tillitsvalde og presse til stades i heile møtet.

Gro Anita Bårdseth

referent